Forskingsrådet

Nytt om EU-forskinga

Nr. 1/2010

EU-samarbeidet enda viktigare

Det europeiske forskingssamarbeidet har høgste prioritet i Noregs forskingsråds nye strategi for internasjonalt samarbeid.

I strategien for 2011 til 2015 blir det slått fast at Det felleseuropeiske forskingsområdet (ERA) er den største arenaen for internasjonalt forskingssamarbeid for norske forskarar og institusjonar, og at ERA skal prioriterast blant dei internasjonale samarbeida.

– Samarbeidet mellom Noreg og Europa er og blir vår viktigaste internasjonale arena, seier administrerande direktør Arvid Hallén i Forskingsrådet. Og med framveksten av Det europeiske forskingsområdet blir det enda meir sentralt.

Tydelegare arbeidsdeling

Strategien legg til rette for at Noreg skal bidra til å skape eit barrierefritt ERA, slik at Europa kan bli ein leiande kunnskapsregion. – Dei neste åra vil det bli store endringar i måten vi organiserer forsking på. Det internasjonale perspektivet skal inn i alt arbeidet vårt, understrekar direktøren. For å bli gode internasjonalt, må ein få ressursar nasjonalt. Strategien vektlegg ei meir gjennomtenkt arbeidsdeling mellom nasjonale satsingar og internasjonal programdeltaking. Det blir samstundes gjort klart at den norske innsatsen skal konsentrerast om område der Noreg har særleg kompetanse og fortrinn.

– Noreg har ein ekspertise som Europa nyt godt av på fleire sentrale felt, og vi er avhengige av å samarbeide med dei beste i Europa for å bli enda betre. Difor må vi trappe opp det internasjonale samarbeidet, held Hallén fram. Ei rekkje globale samfunnsutfordringar krev dessutan felles løysingar, og det tvingar fram nye samarbeidsformer.

Styrka innsats mot rammeprogrammet

Det er eit klart mål i strategien å auke den norske deltakinga i EUs rammeprogram for forsking og teknologiutvikling. Særleg skal det leggjast vekt på å styrkje deltakinga for små og mellomstore bedrifter, statlege høgskular, delar av instituttsektoren og innanfor Det europeiske forskingsrådet (ERC). – Vi har lukkast bra i rammeprogramma så langt, men på fleire område har vi meir potensial. Her må vi sjå på korleis vi kan leggje betre til rette for auka norsk utteljing.

Nye samarbeidsformer

Strategien legg vekt på at vi må ta del i nye samarbeidsformer utanfor rammeprogrammet, og vere med på å aktivt forme utviklinga av ERA. Særleg må det takast stilling til felles programsamarbeid (Joint Programming), og Europeisk samarbeid om infrastruktur (ESFRI) skal prioriterast. Forskingsrådet må skape gode kår for forskarrekruttering og forskarmobilitet, og dessutan må norske retningsliner for kunnskapsoverføring samstemmast med retningslinene i EU.

Strategien har vore ute på høyring i forskingsmiljøa og vil bli vedteken 16. juni av hovudstyret i Forskingsrådet.

– No skal vi ta med oss innspela vi har fått, og slipe til strategien slik at vi står best muleg rusta til å møte ein meir internasjonalisert forskingskvardag, avsluttar Hallén.

SEVENTH FRAMEWORK PROGRAMME

EUs rammeprogram for forsking og teknologisk utvikling er eit av dei viktigaste tiltaka for å utvikle den kunnskapsbaserte økonomien i Europa. Noreg deltek som fullverdig medlem i rammeprogrammet gjennom EØS-avtalen.

Simen Ensby, direktør for internasjonalt samarbeid, Noregs forskingsråd

Ved sida av rammeprogrammet veks det fram nye og viktige forskingssamarbeid i Europa. Noko av det viktigaste som skjer no er framveksten av nye europeiske fellesprogram (Joint Programming). Eg er imponert over den interessa og innsikta forskingsmiljøa syner for desse programma, og vi i Forskingsrådet får mange spørsmål om når vi vil ha innspel, og når det kan kome utlysingar innanfor dei ulike initiativa.

Europeiske fellesprogram oppstår ved at europeiske land inngår friviljuge samarbeid om å løyse store felles samfunnsutfordringar. Desse skal finansierast nasjonalt i dei landa som blir med i kvart enkelt samarbeid, og dette vil skje gjennom eksisterande finansieringsprogram. Eit land får tilbake like mykje pengar som det betalar inn.

Det initiativet som har komme lengst er eit fellesprogram på *Alzheimer og andre nevrodegenerative sjukdommar.* Noreg er med å utforme dette, og vi har dessutan blitt med på planleggingа av to initiativ på mat: *Matproduksjon og effekten av klima* og *Trygg mat og helse*. Vi vurderer om vi i tillegg skal delta i eit eller fleire av dei initiativa som er komne, til dømes eit om den europeiske kulturarven, eit om aldring og helse, og også eit om antibiotikaresistens. Frå norsk side er det teke initiativ til eit breitt marint programsamarbeid. Det er eit stort apparat i sving for å finne samarbeidsformene og klarleggje det formelle rundt dette nye europeiske samarbeidet.

Vi vil kontakte forskingsmiljøa for å få innspel til dei ulike programma i siste halvdel av 2010. Dei første utlysingane vil kanskje kome tidleg i 2012.

Gode resultat for Noreg

Etter at tre år er tilbakelagde, har deltakarar i Noreg fått omlag 1,6 milliardar kroner frå det 7. rammeprogrammet. Framveksten av ERA skaper nye arenaer der norske miljø hentar pengar og kompetanse.

Dei siste oppdateringane til Forskingsrådet viser at Noreg hamnar på ein tiandeplass blant medlemslanda og dei assosierte landa til EU, når det gjeld å få innvilga innsende søknader. Søknader med norsk deltaking har 28 prosent høgre gjennomslagskraft enn det som er snittet for alle landa som deltek i forskingssamarbeidet. Med dette plasserer vi oss bak våre nordiske naboar Danmark og Sverige, men like framfor Finland. Danmark tronar aller øvst på pallen av alle deltakarlanda. Av ikkjemedlemsland er vi berre slått av Sveits.

Målet om eit felleseuropeisk forskingsområde har ført til ein raskt auke i utviklinga av randsoneaktivitetar og initiativ ved sida av EUs 7. rammeprogram. Også i desse aktivitetane deltek norske aktørar i utlysingane. Dette gjeld blant anna utlysingar innanfor ulike samarbeidsprogram mellom Europakommisjonen og europeisk næringsliv, såkalla Joint Technology Initiatives (JTI). Desse aktivitetane får delar av finansieringa frå rammeprogrammet, resten blir dekka av nasjonale midlar frå deltakarlanda. Så langt er Noreg involvert i 41 prosjekt innanfor desse aktivitetane, med ei tildeling frå EUs 7. rammeprogram på nesten 100 millionar kroner. Nær halvparten av alle randsoneprosjekt med norsk deltaking er innanfor Eurostars. Dette er eit program for forskingsintensive små og mellomstore bedrifter.

Noreg er også med i ulike ERA-NET. Formålet med ERA-NET er å samordne forskingsprogram og aktivitetar i ulike land. Ved årsskiftet deltok Noreg i 29 aktive ERA-NET. Dei fleste av desse spring ut frå EUs 6. rammeprogram.

Etter at dei tre første åra av EUs 7. rammeprogram er tilbakelagde, deltek det norske aktørar i nær 500 finansierte prosjekt. Så langt aktiviserer den norske deltakinga noko over 2 000 forskarar.

Forskings- og innovasjonskommissær Máire Geoghegan-Quinn presenterer seg sjølv som ein handlingskraftig politikar. Foto: European Union

Den nye kommissæren

Ho vil gjere EU til ein innovasjonsunion, og ho har lova å forenkle dei administrative byrdene rundt EU-forskinga. Kall henne gjerne MGQ.

Den nye kommissæren Máire Geoghegan-Quinn skal bruke meir pengar, og ho skal sørgje for at forskingsresultat blir omskapte til kommersielle suksessar. Frå 2010 til 2015 leiar ho eit utvida Generaldirektoratet for forsking, innovasjon og vitskap.

Politisk veteran

Geoghegan-Quinn vart fødd inn i politikken. Då ho var 25 år døydde far hennar, og ho blei vald inn i hans plass i det irske underhuset. Sidan har ho vore både gæliskminister, samferdsleminister og justisminister i den irske regjeringa. Frå 2000 til 2009 var ho irsk representant i Den europeiske revisjonsretten.

Den politiske veteranen kjem frå den republikanske sida i den irske meiningsbrytinga. Ho er frå Galway i vest-Irland, eit område med sterk gælisk kultur. Namnet hennar skal på ingen måte uttalast slik det blir skrive, så difor går ho gjerne under kortvarianten MGQ.

Betre utnytting av forskingsresultata

Den største endringa med ny kommissær i ny Kommisjon er at innovasjon får ein meir sentral plass, og blir kopla tettare opp mot forsking. Og Geoghegan-Quinn vil krevje meir forskings-basert innovasjon i dei komande åra. Europa står bak flest vitskaplege publiseringar i verda, men har i for liten grad lukkast i å gjere forsking om til kommersielle suksessar. Ho varslar tettare band mellom forsking, utdanning og industri for å nå målet – at EU blir ein innovasjonsunion.

Kommissæren legg stor vekt på at vi må få meir igjen for forskinga i Europa – i form av arbeidsplassar, kommersialiserte produkt og tenester. Men ho løftar også fram grunnforsking og forsking der den økonomiske gevinsten ikkje er opplagd. Det europeiske forskingsrådet (ERC) skal, som i dag, sikre finansiering av framifrå frontforsking i det europeiske forskingssamarbeidet. Geoghegan-Quinn har varsla ein brei plan for forsking og innovasjon alt til hausten.

Vil forsterke ERA

Den nye kommissæren vidareführer mykje arbeid som alt er vedteke og iverksett. Med eit forskingsbudsjett i sterk vekst frå 2010 til 2013, er det ei takksam oppgåve ho går til. Det blir hennar jobb å styrkje Det europeiske forskingsområdet (ERA). Ho skal prioritere arbeidet for forskarrekruttering og mobilitet gjennom å sikre gode velferds- og pensjonsordningar for forskarar, og gjere det lett å flytte mellom dei europeiske landa. Ho har overteke arbeidet med å betre koordineringa av europeisk forsking slik at ein unngår unødig dobbeltarbeid. Forsking på dei store samfunnsutfordringane skal prioriterast høgre, og tema som klima, energi og aldring skal møtast med felles programsamarbeid (Joint Programming).

Enklare papirarbeid

Forenkling av det administrative papirarbeidet har vore eit heitt tema rundt EU-forskinga både i Noreg og elles i Europa den siste tida. Og det er skapt ein del forventningar til kvinna som har vore ni år i Den europeiske revisjonsretten før ho kom til Europakommisjonen. Så har ho også varsla heilt frå starten at ho vil forenkle den finansielle og administrative saksgangen, slik at det blir færre unødige feil, og meir tid til forsking. Máire Geoghegan-Quinn blir ikkje arbeidsledig med det første.

B
NOREG P.P. PORTO BETALT
DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE
posten

Norske bedrifter på Europatoppen

Norske bedrifter blir stadig meir attraktive og aktive i det europeiske forskingssamarbeidet. Ved siste utlysning sikra norske bedrifter rekordhøg deltaking i EUs målretta satsing for små og mellomstore bedrifter.

Til saman er minst 159 norske bedrifter no med i eitt eller fleire forskingsprosjekt som EU skal finansiere dei neste åra. I tiltaket for bedrifter som samarbeider med forskingsinstitutt om forskingsleveransar, auka den norske deltakinga med 29 prosent etter siste utlysning. Dette plasserer dei norske bedriftene på Europatoppen.

– Det kan verke som om ein del norske bedrifter og forskingsinstitusjonar no er godt introduserte i dei europeiske miljøa, seier seniorrådgivar Vebjørn Walderhaug i Forskingsrådet, som jobbar mot norske små og mellomstore bedrifter. Han opplever at det blir stadig lettare for bedriftene å delta i fleire forskingsprosjekt fordi dei i større grad enn tidlegare blir inviterte med i europeiske forskingsnettverk.

– Fleire bedrifter forstår at forsking er strategisk smart for langsiktig vekst. Dei som deltek i forskingssamarbeidet i EU har vist at dei kan konkurrere med dei beste på kvalitet. Det gir også nye internasjonale kundegrunnlag for dei bedriftene som deltek, seier administrerande direktør i Forskingsrådet, Arvid Hallén.

Totalt er det norsk deltaking i 22 prosjekt i EUs tiltak for små og mellomstore bedrifter som er innvilga etter siste søknadsrunde, mot 17 i førre runde.

– Desse bedriftene ser at det er naudsynt å satse på forsking og utvikling sjølv om dei ikkje utfører forsking på eiga hand, poengterer Hallén. Gjennom dette tiltaket i EUs 7. rammeprogram deltek bedrifter utan forskingskapasitet i samarbeidsprosjekt saman med forskingsinstitutt som utfører forskinga for dei. Dei norske bedriftene samarbeider med europeiske bedrifter om å skaffe fram ny kunnskap, samstundes som dei er svært klare over at dei seinare vil konkurrere i den same marknaden. Teknologiutviklinga går så fort at stadig fleire bedrifter vel å samarbeide for å utvikle seg optimalt.

Forskingsrådet arbeidar aktivt for å påverke utviklinga og innhaldet i EUs satsingar framover. Hallén forsikrar om at Forskingsrådet også vil leggje opp til fleire tiltak for auka bedriftsdeltaking i EUs forskingsprogram i åra som kjem.

For EU er det eit mål med auka bedriftsdeltaking i EU-forskinga fordi det skal sikre vekst og sysselsetjing i Europa.

Totalt er det norsk deltaking i 22 prosjekt i EUs tiltak for små og mellomstore bedrifter som er innvilga etter siste søknadsrunde, mot 17 i førre runde.

Noregs forskingsråd
Stensberggata 26
Postboks 2700 St. Hanshaugen
NO-0131 Oslo

Telefon: +47 22 03 70 00
Telefaks: +47 22 03 70 01
post@forskningsradet.no
www.forskningsradet.no

Utgivar
© Noregs forskingsråd
EU-kontoret
www.forskningsradet.no/EU

Redaksjon
EU-kontoret:
Simen Ensby (ansvarleg redaktør)
Tlf. 22 03 74 07, sen@forskningsradet.no
Gudrun Langthaler
Tlf. +32 25 49 09 96, gla@forskningsradet.no
Ingebjørg Aadland
Tlf. 22 03 71 71, iaa@forskningsradet.no

Medarbeidarar denne utgåva
EU-kontoret, Ingebjørg Aadland, Elisabeth Wiker/ Noregs forskingsråd

Design
Design et cetera AS

Foto
Profilbilde side 1: Shutterstock
Foto side 2: Andreas B. Johansen

Trykk
Allkopi

Opplag
6000

Oslo, april 2010

ISSN 0806-1424

Abonnement
For abonnement på
Nytt om EU-forskinga skriv til:
eja@forskningsradet.no
Abonnementet er gratis.

Meir informasjon om
EU-forsking finn du på:
www.forskningsradet.no/EU